



Årsmelding

for

Skigruppa
Osterøy Idrettslag

2023

Styret 2023

Leiar:	Johnny Mostraum	Valgt for 2023
Nestleiar:	Åge Myking	Valgt for 2023 - 2024
Kasserar:	Bernt Johan Flæsland	Valgt for 2023
Skrivar:	Ann Marit Hammer	Valgt for 2022 - 2023
Styremedlem:	Ståle Daltveit	Valgt for 2022 - 2023
Styremedlem:	Grethe Nerdalen Fjellskålsnes	Valgt for 2022 - 2023
Styremedlem:	Kjersti Brattabø	Valgt for 2022 - 2023
Varamedlem:	Anders Flæsland	Valgt for 2023

Valkomite: Elisabeth Ødegård, Lars Braaten Reigstad og Karoline Hestnes

Styrets arbeid

- I vår hadde Skigruppa dugnad på Smøyatun for Fotlandsvåg Helselag. Eit bygg vart påført eit par strøk maling, samt diverse vedlikehaldsarbeid vart utført. Til saman fekk me inn ca 100.000 kroner. Det var ikkje vanskeleg å få folk til å stilla, så fantastisk bra dugnadsinnsats!
- I november vart skibasaren arrangert på Ungdomsskulen på Hatland. Det var full sal/aula under basaren og mange har bidratt med sal av loddbøker. Totalt fekk me inn om lag 100.000 kroner. Super innsats av basardamene og alle loddseljarane.
- I lysløypa har me hatt maskiner til å reinska opp ein del grøfter og kjørt på grus eit par stader. I oktober var det dugnad i lysløypa, der me ein laurdag rydda løypetraseen, samt kappa busker og kratt. Ståle ordna lyset til lysløypa. Dette var delvis ute av drift etter mykje anleggsarbeid i nærområdet. I ski-hytta laga Åge til smørjebord. Takk til alle som var med på dugnad.

Styret vil også retta ein stor takk til alle sponsorane. Dei fleste har bidratt med pengar til drifta vår gjennom ei årrekke! Dette betyr mykje for økonomien og er ein fin forankring til lokale bedrifter.

Me vil også takka for alt frivillig arbeid som vert lagt ned i skigruppa, dette gjeld trenarar, smørjarar, løypekjørarane og gode hjelparar blant foreldra, som får det heile til å gå rundt år etter år!

Styremøte

Det er avholdt fire styremøter, der 26 saker er behandla. Møta har funne stad i skihytta på Rolland, med godt oppmøte.

Aktivitet i gruppa

Treningane har halde på frå mai, med innlagt sommarpause. Det er trent tysdag, onsdag, laurdag og søndag med litt variasjon etter alder og årstid. Onsdag er det styrketrening, laurdag rulleski, ellers litt veksling mellom rulleski og springing. Vintertid går me på ski så sant det er skiføre i lysløypa eller nærområdet.

I sommar hadde me samling for Osterøy sine løparar. Fredag kveld var det rulleskiøkt og laurdag testrenn, med spenst og styrke i andre økta. Laurdagen vart avslutta med kjekk sosial kveld på Raknes med bading og mykje god mat. Takk til Nils Skjerping for lån av naust. Søndag var me på kombinert langtur med rulleski frå Lonevåg til Tysse og deretter springing mot Høgafjellet. Bading undervegs vart det også tid til.

Thunestvedtrennet på rulleski vart arrangert i begynnelsen av september som sprintrenn på Mjelstad Miljø. Dette var nytt av året og samla fleire deltakara enn det har vert med dei siste åra (ca 50 stykk). Arbeidet med arrangementet gjekk svært bra. Ikkje vanskeleg å få folk med til rigging, som løypevakter og kiosk vertar, så fantastisk bra dugnadsinnsats også her. I etterkant av Thunestvedtrennet hadde styret eit svært konstruktivt evalueringsmøte, slik at arrangementet kan bli enda betre neste gang.

Geilosamling stod på programmet i desember og her stilte ein fin gjeng unge og foreldre. Det vart fem gode treningsøkter på ski og ei kjekk samling. Laurdag hadde me ei sosial samling på Peppes Pizza med god mat og underhaldning.

På grunn av svært lite snø i lysløypa i 2022/2023 sesongen vart kun eit renn i Telenor Karusellen arrangert, men deltakelsen var god (ca 50 stykk). Vinteren 2023/2024 har derimot starta svært bra, med skiføre i lysløypa fleire veker før jul og tre renn arrangert i Telenor Karusellen. Alle får premie kvar gong og det virkar som det er god motivasjon for løparane. Stor takk til Kjersti som ordnar dette.

Trenarane har i år vore Lars Braaten Reigstad, Lars Olav Brattabø og Johnny Mostraum. Dyktige og trufaste karar som også er flinke til å vera med ungdommane på skirenn! Me takkar så mykje for innsatsen!

Smørjeteamet har i år vore Bernt Johan Flæsland og Åge Myking. Me vil retta ein stor takk til dei også for dette året!

Løypekjørarane Anders og Øystein gjer ein fantastisk jobb med å halda maskinparken ved like og køyrer flotte løyper når det er snø.

Osterøy har dei siste åra markert seg godt på alle skirenn, i år også utanfor Hordaland. Me vert lagt merke til på grunn av dei grøne huene, men også for svært gode resultat. Dette er kjekt for alle i skigruppa, og eg vil berømme det gode miljøet og samhaldet me har. Sjølv sagt har me plass til mange fleire i skigruppa, og rekruttering er ei stor utfordring for oss framover.

Osterøy har dette året hatt fire juniorar på NTG Geilo, ein på Toppidrett på Voss og ein senior på Team Bauhaus på Lillehammer.

Fleire av våre juniorar/senior har denne sesongen opplevd motgang, og nokre av dei har derfor valt å avslutta den tøffe satsinga. Dette er sjølv sagt synd, men også noko som er naturleg når forventna framgang ikkje kjem. Håpet er at dei fortsatt kan vera med i miljøet.

Resultat

Hovedlandsrennet Meråker 24. - 26. februar:

5 km klassisk		
G 15 år	Eirik Brattabø	164. plass
J 16 år	Heidi Daltveit	101. plass
	Magrethe Fjellskålnes	111. plass
Sprint fristil		
G 15 år	Eirik Brattabø	144. plass
J 16 år	Magrethe Fjellskålnes	93. plass
	Heidi Daltveit	137. plass

Norges cup Junior:

VM Uttak Bardufoss		
Sprint		
Menn	Sondre Brattabø	59. plass
Kvinner	Ingrid Brattabø	35. plass
10 km klassisk		
Menn	Sondre Brattabø	16. plass
Kvinner	Ingrid Brattabø	22. plass
20 km fristil		
Menn	Sondre Brattabø	41. plass
Kvinner	Ingrid Brattabø	30. plass
Lillehammer 6. - 8. januar		
Sprint klassisk		
M 19/20 år	Sondre Myking	93. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	58. plass

	Marie Mostrraum	100. plass
10 km fristil		
M 19/20 år	Sondre Myking	114. plass
K 19/20 år	Marie Mostrraum	99. plass
15 km klassisk		
M 19/20 år	Sondre Myking	84. plass
Voss 12. - 12. februar		
Sprint fristil		
M 19/20 år	Simon Søgnesand Hestad	161. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	43. plass
	Marie Mostrraum	104. plass
10 km fristil		
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	24. plass
	Marie Mostrraum	93. plass
10 km klassisk		
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	47. plass
	Marie Mostrraum	87. plass
NM Alta 3. - 5. mars		
5 km fristil		
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	41. plass
	Marie Mostrraum	106. plass
15 km klassisk		
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	45. plass
	Marie Mostrraum	86. plass
NM Tolga 29. - 31. mars		
5 km klassisk		
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	57. plass
	Marie Mostrraum	75. plass
Savalen 30. mars		
Sprint fristil		
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	61. plass
	Marie Mostrraum	73. plass

Norges cup Senior:

Beitostølen 18. - 20. november		
Sprint klassisk		
Senior	Elias Mostrraum	64. plass
10 km klassisk		
Senior	Elias Mostrraum	114. plass

16. - 18.12 Skandinavisk Cup, Østersund		
Sprint klassisk		
Senior	Elias Mostrum	108. plass
19. - 22.01 NM Vind		
Sprint fristil		
Senior	Elias Mostrum	108. plass
15 km fristil		
Senior	Elias Mostrum	138. plass
17.02 - 19.02 NC Åsen		
20 km fristil		
Senior	Elias Mostrum	102. plass
Sprint fristil		
Senior	Elias Mostrum	75. plass
10 km klassisk		
Senior	Elias Mostrum	103. plass
10.03 - 12.03 NC (U23 NM), MjøsSki		
Sprint klassisk		
Senior	Elias Mostrum	84. plass (49. plass U23)
10 km klassisk		
Senior	Elias Mostrum	109. plass (59. plass U23)
10 km fristil		
Senior	Elias Mostrum	132. plass (78. plass U23)
29.03 - 31.03 NM Tolga		
10 km klassisk		
Senior	Elias Mostrum	169. plass (53. plass U23)
50 km klassisk		
Senior	Elias Mostrum	117. plass

KM klassisk:

J 13 år	Mari Tysse-Røsland	7. plass
G 13 år	Thomas Fjellskålnes	9. plass
G15 år	Eirik Brattabø	2. plass
J 15 år	Heidi Daltveit	6. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	2. plass

KM fristil:

J 13 år	Mari Hammer	4. plass
	Mari Tysse-Røsland	9. plass
G 15 år	Eirik Brattabø	2. plass
J 16 år	Magrethe Fjellskålnes	6. plass
	Heidi Daltveit	10. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	1. plass
	Marie Mostraum	5. plass
M Senior	Emil Hosøy	5. plass

Kretscupen:

J 13 år	Mari Hammer	9. plass
	Mari Tysse-Røsland	10. plass
G 13 år	Thomas Fjellskålnes	9. plass
J 15 år	Emma Fjellskålnes	5. plass
G 15 år	Eirik Brattabø	2. plass
J 16 år	Magrethe Fjellskålnes	9. plass
	Heidi Daltveit	11. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	2. plass
	Marie Mostraum	6. plass
M 19/20 år	Simon Søgnesand Hestad	2. plass

Medlemstal

Medlemstal for 2023. Totalt 76 registrerte medlemmar, noko som er det same som 2023.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	9	8	1	10	28
Menn	0	6	11	2	29	48
Totalt	0	15	19	3	39	76

Medlemsutvikling

	2019	2020	2022	2023	2024
Kvinner		25	25	26	28
Menn		48	49	50	48
Totalt	79	73	74	76	76

Resultatrekneskap med balanse

Kjem som vedlegg.



Leiar: Johnny Mostraum

Dato: 11/2 2024



Årsmelding for Osterøy Idrottslag – Fotballgruppa 2023

Styrets medlemmar

<i>Leiar:</i>	Herman Neu Beckstrøm
<i>Kasserar:</i>	Monica Vevle
<i>Styremedlemmar:</i>	Tine-May Svenheim (kioskansvarleg)
	Martin Aasheim (sportsleg leiar)
	Christian Vevle (ansvarleg anlegg)
	John Erik Jørgensen (ansvarleg sal- og sponsornemnd)

Styret sitt arbeid

Det er halde 10 styremøte, og 28 saker er handsama. Det har vore eit innhaldsrikt år, kor nokre store saker har prega det meste av arbeidet til styret:

Rehabilitering av kunstgrasbana i Fugledalen

Den mest tidkrevjande saka har vore rehabiliteringa av banedekket i Fugledalen. I løpet av sommaren har me bytta ut det gamle banedekket, i tillegg til å oppgradera lysanlegget frå halogen-pærer til led-pærer. Me har valt å gå for eit miljøvennleg alternativ til gummigranulat, beståande av ein blanding av kokosfiber og kork. Rehabiliteringa har kosta både tid og pengar. I løpet av 10 veker i sommar er det berekna meir enn 1 100 timar i dugnadsinnsats, og prosjektet har ein utrekna verdi på over kr 8 000 000.

Den totale kostnaden for klubben er likevel ikkje så høg. Idrettslaget har fått alt av mva i kompensasjon, i tillegg til at det er søkt om kr 2 800 000 i spelemidlar. Desse er ikkje tildelt endå, då kommunen har fleire andre prosjekt høgare på prioriteringslista. Det er òg særlegledeleg at Trond Mohn (gjennom NFF Hordaland) har bidratt med kr 600 000, medan Sparebanken Vest har støtta med kr 1 000 000. Dette bidreg i stor grad til å gjere den økonomiske stoda i fotballgruppa enklare dei kommande åra.

I tillegg til å rehabilitere banedekket og oppgradera lysanlegget, har me lagt vassleidningar under bana slik at alt ligg til rette for å ferdigkople eit vassanlegg i løpet av det kommande året. Eit vassanlegg vil vere skadeførebyggjande, i tillegg til at det vil føre til mindre slitasje gjennom sommaren og dermed auka levetid.

Ein av utfordringane med å velje eit miljøvennleg ifyll, er at desse løysingane er dårlegare eigna for vinterbruk. Ifyllet absorberer vatnet i større grad enn det gummigranulat gjer, og dermed frys det fortare. Dette kan vere ein utfordring ved kalde vintrar, slik som den som har vore no. Likevel drenerer bana i Fugledalen særst godt, og utfordringa stoggar ikkje vinteraktiviteten slik at dette vert ei stor utfordring. I løpet av dei kaldaste månadane i året har alle aldersbestemte lag tilbod om trening i Osterøyhallen, i tillegg til at seniorlaga trenar i Vestlandshallen. Anleggsnemnda i styret jobbar med ulike saltløysningar for å auke brukstida, i tillegg til at Fotlandsvåg IL har satt bana si til fri disposisjon dei gongane me treng det.

Samarbeidsavtale med Fotlandsvåg IL

I løpet av året har styret drive eit kontinuerleg arbeid med å få til ein ny samarbeidsavtale med Fotlandsvåg IL. Den nye kontrakten er signert og trådt i kraft frå 01.01.2024. Avtalen omfattar alle aldersgrupper, frå oppstart og fram til og med seniorfotballen. Så fram dei årskullet har spelarar i begge klubbar, skal dei vere éi felles trenings- og kampgruppe (gjeld ikkje på senior-nivå). Dette er meir omfattande enn det samarbeidet me har hatt me FIL tidlegare. Formålet med samarbeidsavtalen blant anna å sikre aktivitet i begge klubbar, samt gje eit best mogleg tilbod til medlemmane.

Val av ny utstysleverandør

Etter 2023-sesongen gjekk utstysavtalen med Sport1 og Nike ut. Dette gjorde til at styret måtte finne ein ny utstysavtale. Ettersom at Sport1 ikkje kunne tilby Nike lenger, vart det lange diskusjonar i styret om kva som var det beste alternativet. Til slutt fall avgjersla på Unisport og Nike. Verdt å nemnda med denne avtalen er at klubben får tilgang på «Fotballdrømmer-fondet» på grunn av vår status som kvalitetsklubb. Dette er eit fond på kr 1 000 000 som er øyremerka til medlemmar med nedsett betalingsevne. I tillegg vil me få ein eigen nettbutikk som vil vere tilgjengeleg for alle medlemmar.

Andre viktige styresaker

- Me har gjennom året 2023 jobba for å verte resertifisert kvalitetsklubb. Dette inneber ein del krav me må oppfylle. I løpet av januar 2024 fekk hadde me evaluering med kvalitetsklubbveiledaren vår, og alt tyder på at me vert resertifisert denne gongen òg. I løpet av 2024 skal klubben ha eit hovudfokus på to forbetringpunkt etter kvalitetsklubb-krava. Dette er gjennomføring av trenarforum og revidering av sportsplanen.

- I løpet av mai fekk me innvilga søknaden vår om å opprette «Fugledalsfondet». Lotteri- og stiftelsestilsynet løyva kr 150 00 til fondet. Dette er pengar som fotballgruppa disponerer, og som skal brukast på medlemmar med nedsett betalingsevne. Kommunen, Osterøyhjelpen og andre aktørar i lokalsamfunnet er varsla om Fugledalsfondet, slik at me lettare kan koma i kontakt dei med nedsett betalingsevne. Ein kan òg sende inn søknad via E-mail.

Fotballgruppa har sett ned ei gruppe som behandlar innkomne søknadar. Per no er det om lag 5 personar som har fått og er i prosess for å få midlar gjennom fondet. Me reknar med at det vert fleire i løpet av 2024.

- Ein annan kjekk nyheit er at det vart delt ut ei svært så hyggeleg utmerking til Osterøy IL på NFF Hordaland sin klubbkonferanse for 2023. Fotballgruppa sin leiar, Herman Neu Beckstrøm, fekk tildelt NFF Hordaland sitt leiarstipend for 2023. Me set stor pris å ha ein så dedikert og ansvarleg leiar til å stå i bresjen for fotballaktiviteten vår. Prisen er eit synleg bevis på den gode jobben som vert gjort i Osterøy IL!

Medlemsutvikling

Per 31.12.2023 viser medlemstala 297 betalande medlemmer. Dette er ei auke på 20 medlemmar frå inngongen på året. Talet på registrerte medlemmar er 362. Får tabellen under kan ein sjå at den største auka kjem frå medlemmane i ungdomsfotballen

Kjønn/Alder	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26≤	Total
Kvinner	45	46	5	14	110
Menn	57	63	21	46	187
Total	102	109	26	60	297
Endring frå 2022	-6	20	0	6	20

Tabell 1: Tal på betalande medlemmar per 31.12.2023.

Det er kjekt å sjå at fotballgruppa har hatt ei auke i talet på medlemmar. Samstundes er det viktig å ha med seg at me er ei lita gruppe, og at talet på medlemmar vil variere frå år til år. I

ei tid der dei aller fleste fotballklubbar rapporterer om fråfall, er det likevel kjekt at dette ikkje er stoda i Osterøy IL. For styret er det særst viktig å førebyggje fråfall, og ein kjem difor til å ha eit stort fokus på dette dei neste åra. Fotballgruppa i Osterøy IL jobbar for:

Eit optimalt sportsleg og sosialt tilbod til alle

Sportsleg utvikling

I sesongen 2023 hadde Osterøy 13 registrerte lag. 2 av laga var i seniorfotballen, 4 av laga i ungdomsfotballen og 7 i barnefotballen. Dette er ein nedgang i frå 2022, samstundes som talet på medlemmar har auka.

Kjønn/Alder	Barn (6-12)	Ungdom (13-19)	Seniorfotball (19+)	Total
Menn	4	2	1	7
Kvinner	3	2	1	6
Totalt	7	4	2	13

Tabell 2: Påmeldte lag 2023

Dommararbeid

Det er gledeleg at tilflyttaren Odd Hisdal har tatt over som dommaransvarleg i 2023. Han har gjort ein særst god jobb med å arrangera dommarkurs og dommarsamlingar. I 2023 har me 20 registrerte klubbdommarar som har dømt 62 ordinære seriekampar pluss treningskampar. Klubben har òg to kretsdommarar. I 2024 vil dette arbeidet halde fram. Framtida for dommarar i Osterøy IL ser lysare ut enn den har gjort på fleire år.

Kvinner senior

Det vart samarbeid med Arna Bjørnar 3 denne sesongen òg. Laget spelte i 5. divisjon avd. 02 gjennom våren og gjorde det særst godt. Vårsesongen enda med 16 poeng på 6 kampar, og laget gjekk vidare til ein «opprykks-avdeling» i haustsesongen kor dei to beste laga rykka opp til 4.divisjon. Laget hamna då på ein 3.plass. Me håpar på opprykk i 2024.

Herrar senior

I sesongen stilte Osterøy IL berre med eitt herrelag i seriespel. A-laget kom på ein respektabel 4. plass i årets fjerde divisjon avd. 01. med berre fire tap gjennom heile sesongen. I byrjinga av året var laget òg med på kvalifisering mot NM. Det vart då eit tap mot 3.divisjonslaget FK Fyllingsdalen.

Diverre vart det ikkje noko b-lag denne sesongen. Me håpar å få dette til neste sesong.

Økonomi

Den økonomiske stoda i fotballgruppa er god. Dette til tross for at me i løpet av 2023 har rehabilitert Fugledalen. Den totale verdien av prosjektet er på om lag kr 8 700 000. Denne summen er redusert gjennom dugnadsarbeid og mva-kompensasjon, slik at dei reelle kostnadane er i overkant av kr 5 000 000. Me har òg motteke støtte på kr 1 000 000 frå Sparebanken Vest, og kr 600 000 frå Trond Mohn. I tillegg har me søkt om spelemidlar på kr 2 800 000. Desse vert truleg tildelt i 2025 eller 2026. Mellomfinansieringa fram til me har motteke spelemidlar består av eigenkapital og eit lån. Klubben tatt opp eit lån med ei ramme på kr 4 000 000, kor me har tatt ut kr 2 000 000. Rentekostnadane er på om lag kr 14 000 per månad. Løpetida er 20 år.

Til tross for dei den store investeringa og dei nye låne-forpliktingane dette året, går me i 2023 med eit overskot. Dette skuldast ein elles nøktern og ansvarleg pengebruk i fotballgruppa. Me må spesielt trekkje frem vår svært dyktige daglege leiar, Tore Langeland, som ein avgjerande faktor for den gode økonomiske stoda fotballgruppa står i.

For styret,

Herman Neu Beckstrøm

Leiar fotballgruppa



Årsmelding

for

Turngruppa
Osterøy Idrottslag

2023

STYRET 2023

Leiar:	Baste Neu Hatland /Lovise Mari A. Hopsdal
Nestleiar:	Lovise Mari A. Hopsdal
Kasserar:	Lovise Mari A. Hopsdal
Styremedlem:	Maria Sandal Vevele

Endringar i styret gjennom året 2023. Hauste 2023 tok Lovise Mari over leiarvervet og Kristine Telle Hamre kom inn som fast styremedlem.

Endringar i styret 2024:

Baste går ut av styret. Resterande medlemmer heldt fram med desse rollene:

Leiar:	Lovise Mari A. Hopsdal
Kasserar:	Lovise Mari A. Hopsdal
Styremedlem:	Maria Sandal Vevele
Styremedlem:	Kristine Telle Hamre

STYRETS ARBEID

• SØKNAD ETTER STØTTE OG MIDLAR

Styret har i 2023 hatt stor fokus på å søkje etter midlar og støtte frå ulike aktørar, dessverre utan hell hos nokon.

- OBOS-jubel vår 2023: Søkke etter midlar (60 000kr) til å kjøpe nytt utstyr, samt støtte til å gjennomføre ei treningshelg med innleigde instruktørar.
- LAM-midlar: søkt etter støtte til trenarutvikling. 3500kr
- Spillemidler utstyr: Støtte for kjøpt utstyr i 2022.
- Zuccarellostiftelsen: Søkke støtte til driftsutgifter som halleige, trenarløn og gymfest i vest.
- Equinors støtteordning: Søkke 10 000kr til utvidelse at utstyrsbanken.
- OBOS-jubel HAUST 2023: Søkke 60 000kr i støtte for å utvide utstyrsbanen. Søkke også 7000kr i støtte til treningssamling med innleigde instruktørar.
- SR-Stiftelsen: Søkke 50 000kr til utvidelse av utstyrsbanken.
- Kraftriket fond: Søkke 10 000kr for utvidelse av utstyrsbanken.
- Ildsjelfond SPV Haust 2023: Støtte til treningssamling.
- Aktivitetsstipend KLUBBEN: Søkke om utstyr av typen skummoduler, verd 20 000kr

• PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING AV VÅROPPVISNING 18 MARS.

Gjennomført våroppvisning laurdag 18 mars. Tilbakemeldingar er at det er ynskjeleg at oppvisninga blir på sundag, ikkje laurdag.

Føresatte viste god dugnadsånd i å bake kake, stå dør- og kioskvakt.

Det var fullt på tribuna, det var også behov for å sette fram stolar nede i hallen.

- **DIGITALT SKRAPELODD SPOND**

På hausten gjennomførte turngruppa dugnad på sal av digitale skrapelodd via appen SPOND. Dugnaden varte ei veke. Det kosta 50kr loddet og det var enkelt å dele lenke via sms, facebook og snapchat ol. Styret hadde satt som mål at alle gymnastane skulle selje 20stk lodd kvar, noko som var overkommeleg for dei aller fleste. Det vart solgt 2528 lodd, totalt eit sal på 126 400kr, der turngruppa får totalt 83 640kr.

STYREMØTE

Turngruppa har hatt 4 styremøte i året 2023. Alle i styret har deltatt på alle møta. I tillegg til dei fysiske møtene har ein i styret hatt godt samarbeid og kommunisert godt via SPOND der styret har ei eiga gruppe for sitt arbeid.

AKTIVITETEN I GRUPPA

God og aukande aktivitet i gruppa. Stor etterspurnad for turn som har resultert i behov for å sette max-grense på partia. Det har vore venteliste på 3/5 parti i 2023.

Det har vore totalt 14stk aktive trenarar i løpet av året 2023. Litt variasjon i trenarteamet frå vårsemesteret til haustsemesteret. For å rekruttere trenarar har ein sett på moglegheita til å nytte unge gymnastar. Styret har satt ei yngre aldersgrense på å kunne bli trenar på 7 klasse. Desse får ikkje store verv og startar som hjelpetrenarar.

I 2023 var det 2stk trenarar som deltok og bestod sikringskurs i Tumbling og trampett.

Det vart arrangert ei oppvisning på våren. Dette var eit svært vellukka arrangement med full tribune. Kjekt å vise vener, familie og kjendte akrobatiske moment. Ein satsar på å arrangere dette fleire gongar.

Me har også arrangert ei treningssamling for gymnastar i alderen 8år+. Her deltok over 30 gymnastar til ei kjekk dag med trening, leik og moro. Me fekk besøk av nokre instruktørar frå Åsane turn.

Turngruppa har deltatt på nokre arrangement som Vestland gym og turn har arrangert:

- **GYMFEST I VEST BARN SOTRA**

Gymfest i vest er ei helg der ein deltar både på treningssamling og konkurranse. Sotra turn var arrangørar i 2023. Det er for gymnastar mellom 11-13år. Frå Osterøy IL deltok 16 gymnastar og 3 trenarar. I konkurransen deltok me med to troppar, begge troppane på apparata trampett og tumbling. Det vart ikkje noko topplassing på oss, men ei erfaring rikare. Gymnastane fekk også prøve seg på apparatturn i turnhallen. Trenarane var imponert av fleire av gymnastane våre og synes det var synd me ikkje hadde apparatturn på Osterøy.

- GYMFEST I VEST UNGDOM MÅLØY

Årets gymfest i vest for ungdommar mellom 13-18år var på Måløy. Frå Osterøy IL deltok 4 gymnastar og 2 trenarar. Dei var heldige som fekk plass på bussen til Sotra turn, noko som gjorde reisa enklare for alle, spesielt trenarane.

- KURSHELG FOR TRENARAR ÅSANE

Dette er ei kurshelg der det er mogleg å melde seg på ulike minikurs. Aldersgrense 13år. Frå Osterøy IL turn deltok 7 trenarar.

MEDLEMSTAL

Medlemstala er antall registrerte betalte medlemmar des.2023

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	23	113	10	0	2	152
Menn	10	9	0	0	1	20
Totalt	33	122	10	0	3	172

Medlemsutvikling

	2019	2020	2021	2022	2023
Kvinner	38	47	52	100	152
Menn	2	6	9	7	20
Totalt	40	53	61	107	172

ANLEGG

All treninga til turngruppa er i Osterøyhallen om onsdagar*.

For å gjennomføre treningane våre er det ein del utstyr som skal være satt ut i hallen. Difor er det behov for satt av tid til dette. Erfaringa tilseier også å halde trening for to parti samstundes er utfordrande grunna tilgang til utstyr.

For å få treningstid til alle partia har ein difor måtte nytte to halldelar og ha overlappande treningstid (oppvarming i halldel B og turn i halldel C).

TURNSESONG 2022/2023:

VÅREN 2023 - ONSDAG			
Parti	Treningstid	Halldel B	Halldel C
Rigging av utsyr i hall	16:00 – 16:15 (15min)		16:00 – 16:45
Gymleik 4 – 5år	16:15 – 17:00 (45min)	16:15 – 16:30	16:30 – 17:00
Turn 6 – 7år	17:00 – 17:45 (45min)	17:00 – 17:15	17:15 – 17:45
Turn 8 – 10år	17:30 – 18:30 (1t)	17:30 – 17:45	17:45 – 18:30
Turn 11år+	18:00 – 20:00 (2t)	18:00 – 20:00	

*Denne sesongen hadde me eit tilbod om trening x 2 i veka, for gymnastane på 12/13år+

VÅREN 2023 - FREDAG			
Parti	Treningstid	Halldel B	Halldel C
Turn 12/13år+	15:30 – 17:00 (1.5t)	15:30 – 17:00	

TURNSESONG 2023/2024

Grunna stor etterspurnad for plassar på turn var det behov for å auka antall parti frå 4 til 5. Treninga som var fredagar vart ikkje videreført.

HAUSTEN 2023 - ONSDAG			
Parti	Treningstid	Halldel B	Halldel C
Rigging av utsyr i hall	16:00 – 16:30 (30min)		16:00 – 16:45
Gymleik 4 – 5år	16:30 – 17:15 (45min)	16:30 – 16:45	16:45 – 17:15
Turn 6 – 7år	17:00 – 17:45 (45min)	17:00 – 17:15	17:15 – 17:45
Turn 8 – 9år	17:30 – 18:30 (1t)	17:30 – 17:45	17:45 – 18:30
Turn 10 – 12år	18:30 – 20:00 (1,5t)	18:30 – 18:45	18: 45 – 20:00
Turn 13år+	19:30 – 21:30 (2t)	19:30 – 21:30	

ØKONOMI

Medlemsaukinga i turngruppa er til stor fordel for økonoinen til turngruppa. Dugnadsarbeidet med våroppvisning og sal digitale skrapelodd har også bidratt til positiv vekst av økonomien til turngruppa.

Enkelt budsjett for 2024:

UTGIFTER			
Kva	Pris	Antall	TOTALT
Våroppvisning 10 mars (kioskinnhald)	2000kr		2000kr
Kjøp av utstyr (ink.moms)			
- Trampett barn	32 617kr	1	
- Bumper til trampett	4940kr	1	
- Softkile 300x150x15/50cm	31 023kr	1	
- Skumplint 4 delt	21 308kr	1	
- Multitrainer	15 951kr	1	
- Trapan Trainer	12 053kr	1	
- Totalt			117 892kr
Gymfest i Vest – Barn (kostnad trener)	1050kr	3stk	3150kr
Gymfest i Vest – Ungdom (kostnad trener)	1050kr	2stk	2100kr
Trenarsamling Åsane	450kr	10 stk	4500kr
Spondlotteri	17kr	1400stk	23 800kr
TOTALT			129 642kr

INNTEKT			
Kva	Pris	Antall	TOTALT
Våroppvisning totalt			10 450kr
- Bilettsal	50kr	200stk	10 000kr
- Kiosksal			4500kr
Loddsal SPOND 140 barn x 10 lodd	50kr	1400stk	70 000kr
TOTALT			80 000kr

Resultatrekneskap med balanse

(Sjå Vedlegg)

Årsmelding for 2023, OIL friidrettsgruppa

Styret i 2023

Leiar:	Bjarte Vik (2023)
Nestleiar:	Åse Bergheim (2023-2024)
Skrivar:	Herdis Helle (2023-2024)
Kasserar:	Ingri Mjelde Birkeland (2022-2023)
Styremedlem:	Tore Hannisdal (2022-2023)
Styremedlem:	Marianne Feidje Mjelde (2023-2024)
Styremedlem:	Jonas Lillejord (2023-2024)
Styremedlem:	Anne Lise Mastrevik (2022-2023)

Valnemnd: Mats-Eirik Elvik (leiar), Bjarte Lohne og Helga Reigstad.

Arbeidet til styret

Frå starten konsentrerte styret seg om å setja opp nokre konkrete mål og fordela arbeidsoppgåver. Noko har me fått til, andre ting står på venteliste. Høgast prioritet fekk det å få tak i trenarar til eit treningstilbod for born, noko som lukkast frå hausten av. Trivsel er viktig, og sosialnemnda har laga til små og litt større sosiale hendingar som paintball, pizza, sosial samvære ved Husavatnet, utlodding og ekstra kos på enkelte treningar. Elles er det arrangement og dagleg drift som pregar styrearbeidet.

Friidrettsgruppa har heldigvis fleire eldsjeler som lettar arbeidet til styret. Me har dyktige og engasjerte trenarar som gjer at den daglege aktiviteten går sin jamne gang. Me har også ein gjeng dommarar og arrangørar som alltid tar i eit tak og er godt drilla. Det er også til stor avlasting for styret at Helga Reigstad tar seg av arbeidet med sponsorar og Craft-utstyr, at Arne Reigstad bestiller reiser og overnatting, og at Vidar Simmenes trår til med smått og stort arbeid på stadion i tillegg til «papirarbeid» med nettside og statistikk.

Styremøte

Styret har i 2023 hatt fem styremøte og handsama 41 saker. Det er 1-2 færre møte enn planlagt, men likevel ein auke frå føregåande år. Oppmøtet har vore bra, og bortreiste medlemmer har ofte vore med via Teams. Utanom møta har styret tatt opp saker pr. epost eller telefon.

Økonomi

Økonomien til gruppa er svært solid, og me har ein god reservekapital i banken. Ein kombinasjon av god støtte frå lokale sponsorar og tilskot til utbetring av

banedekket er hovudårsaka til dette. Årsmøtet gav styret fullmakt til å auka budsjettet slik at gruppa i 2023 kunne gå med maksimalt 150 000 kr i underskot. Målet var å stimulera til auka aktivitet. Årets underskot vart i overkant av 180 000 kr, men av dette er 50 000 kr utbetalingar til rehabiliteringa av stadiondekket, ei utgift som ikkje var budsjettert.

Resultatrekneskap med balanse

Rekneskapet ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Trenarar i 2023 (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Karl Johan Reigstad (trenar 2, sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Marianne Feidje Mjelde

Dagfinn Gjerstad

Amalie Hustrulid

Paul Bruvik

Øyvind Kleiveland

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS), Arne Reigstad (KD/KS), Karl Johan Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løvteit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD), Per Ole Mostrøm (KD), Vegard Trefall (KDA), Dagfinn Gjerstad (KDA), Amalie Hustrulid (KDA).

Nokre av desse er ikkje med i idrettslaget lenger, men er i «reservetroppen». Før sesongen gav Inge J. Reigstad seg etter mange år som startar for idrettslaget og i kretsen sitt startarteam. Tusen takk for innsatsen! Arne Reigstad har traktert startpistolen på dei fleste av arrangementa våre i 2023. Det kan nemnast at gruppa har gjort avtale med Andreas Markmanrud om fast elektronisk tidtaking ved stevna på Hatland.

Å få fleire aktive og foreldre til å ta dommarkurs er nødvendig om gruppa skal ta på seg større arrangement i framtida.

Medlemstal

I 2023 har friidrettsgruppa 125 betalende medlemmer. Dette er ein auke på 19 frå året før. Størst vekst er det i aldersgruppa 6-12 år.

Medlemsstal for 2023

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	7	8	2	19	36
Menn	0	5	17	6	61	89
Totalt 2023						125
Totalt 2022	0	1	28	12	78	106
Totalt 2021	0	0	23	11	74	108
Totalt 2020	0	5	28	9	73	115
Totalt, 2019	0	15	35	8	75	133
Totalt, 2018	0	40	50	11	75	180
Totalt, 2017	0	50	40	12	80	182

Medlemsutvikling

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Kv.	?	113	108	102	85	76	75	51	40		36	36
Menn	?	126	116	121	119	106	105	82	75		83	89
Totalt	270	239	224	223	204	182	180	133	115	108	119	125

Årsfest

Årsfesten vart arrangert 2. november i klubbhuset med bra oppslutning og velsmakande tapas. Velfortente vinnarar fekk utmerkingar for sesongen.

Osterøy Stadion

Grasmatta på Osterøy Stadion har i 2023 hatt ein normal god sesong med pleie av gras og vassdyser. Robotgrasklipparen har i år fått eit lite hus ute på bana. Friidrettsgruppa brukar grasmatta til oppvarming, løpstrening og kastøvingar.

Fotballgruppa har gjort ein glimrande jobb med grasmatta, inkludert reingjering og oppfølging av robotklipparen. Friidrettsgruppa har tatt kantklippinga langs sarg og i kast- og hoppområda i søndre sving. Her er det normalt åtte klipp pr. sesong med den bensindrivne klipparen. Vidar Simmenes har tatt dei fleste rundane. Det er ein god del groe langs sargkanten på bana. Dette er i noko grad reinska vekk for hand, men det må salting m.m. til for å halda groe og ugras i sjakk. Bana vart ikkje vaska i 2023, og dermed er det ekstra mykje groe på

dekket.

Det er dårleg drenering i løpebane 1 og 2 på oppløpssida og i satsområda til lengdegropene. Truleg er det mykje tettmasse under bana som gjer at dreneringa sviktar. Ein har prøvd å bora hol under sargen, men det var ingen effekt. Store dammar gjev mykje ekstraarbeid i samband med stevne.

Kastnota vart etter sesongslutt tatt ned og lagra under terrassen i banehuset. Snorene til kastnota vert anbefalt skifta ut. I alle høve må det opp ei heilt ny snor som manglar i eine stolpen.

Stavmattehuset har fått eit enkel stengsel som har gjort at stavmatta og stavburet har fått vera i fred. Trallevognene til hekkane har hjul som må skiftast eller reparerast. Dei fleste hekkane nærmar seg 20 år og ber preg av forfall, men det er framleis 2-3 hekkesett som kan nyttast i stevne.

På sikt er det ønskje om at det vert bygd ein tett lagerdel under terrassen slik at vinterlagringa av utstyr vert betre. Inne i lagerdelen er det til dels overfylt og behov for betre orden. I 2023 har ein fått på plass registrering og oppbevaring av startpistolar i samsvar med krava.

Sportsleg aktivitet og statistikk i 2023-sesongen

Prisar

Årets utøvar vart Trygve Feidje Mjelde etter ein særst god sesong med m.a. to klubbrekordar og svært gode resultat under NM. Stimulanseprisen gjekk til Amalie Hustrulid og Ingri Mjelde Birkeland. Amalie har vore ivrig på trening og stilt opp som trenar for det yngste partiet og tatt dommarkurs. Ingri viste solid treningsvilje og fekk flott framgang på lange løp, både langs vegen og i tøft terreng. Me nemner siger i Osterøy på tvers og maratondebut i Fana med 3.08,50.

Nye klubbrekordar

8,03,72 937 p	Trygve Feidje Mjelde	1994	3000m	Jessheim	230811
3,46,12 909 p	Trygve Feidje Mjelde	1994	1500m	Jessheim	230708
2,31,24	Jonas Lillejord	1998	Maraton	Malaga/Spania	231210

1000-poeng på Tyrvingtabellen

14,50,78	Dagfinn Gjerstad	2006	5000m	Jessheim	230706	1088
49,39	Vegard Høylo Trefall	2006	400m	Sandnes	230826	1084

1,53,58	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Fana	230910	1070
8,34,79	Dagfinn Gjerstad	2006	3000m	Bærum	230616	1068
35,8mt	Vegard Høylo Trefall	2006	80m	Osterøy	230712	1051
4,02,56	Dagfinn Gjerstad	2006	1500m	Arna	230522	1024
1,23,32	Vegard Høylo Trefall	2006	600m-inn	Leivanghallen	230128	1017
10,00,00	Nora Bergan	2004	3000m	Osterøy	230920	1000

Største poengscorarar i serien

MS 3515p Magnus Reigstad 5 resultat
 KS 764p Maia Mikalsen 1 resultat
 MV 3024p John Bernes 6 resultat
 KV 691p Mirjam Mjelde 1 resultat
 Gutar 7871p Eirik Reigstad 9 resultat
 Jenter 2829p Lilly Aasheim Solstad 5 resultat

Medaljar i nasjonale meisterskap

sølv	17,25	Arne Mjelde	1942	100m	Furumo	230623	mv80-84	NM veteran
sølv	35,60	Arne Mjelde	1942	200m	Furumo	230624	mv80-84	NM veteran
gull	1,23,37	Arne Mjelde	1942	400m	Furumo	230625	mv80-84	NM veteran
bronse	8,66	Benjamin Strand Blichfeldt	2009	60m	Fana st	230930	G14	KM Hordaland
bronse	21,51	Benjamin Strand Blichfeldt	2009	diskos 1kg	Fana st	230930	G14	KM Hordaland
gull	1,35	Eirik Reigstad	2007	hut	Leikvanghallen	230210	g-16	KM hopp u.t.
gull	2,58	Eirik Reigstad	2007	lut	Leikvanghallen	230210	g-16	KM hopp u.t.
bronse	8,61	Even Mathisen	2009	kule 4 kg	Fana st	230930	G14	KM Hordaland
sølv	25,08	Even Mathisen	2009	spyd 600g	Fana st	231001	G14	KM Hordaland
gull	48,05	Kjetil Stokke	1991	spyd 800g	Fana st	231001	MS	KM Hordaland
Sølv	6,97	Magnus Reigstad	2003	lengde	Sandnes	230825	u23	Junior NM
Gull	10,03,77	Nora Bergan	2004	3000m	Fana st	230907	J18/19	UM
Sølv	4,43	Sander Solberg Hopsdal	2009	lengde	Fana st	231001	G14	KM Hordaland
Gull	1,5	Sander Solberg Hopsdal	2009	høgde	Fana st	231001	G14	KM Hordaland
bronse	26,91	Sondre Høylo Trefall	2009	200m	Fana st	231001	G14	KM Hordaland
bronse	22,30	Tord Krakhella Sangolt	2009	spyd 600g	Fana st	231001	G14	KM Hordaland
bronse	49,39	Vegard Høylo Trefall	2006	400m	Sandnes	230826	u20	Junior NM
Sølv	49,74	Vegard Høylo Trefall	2006	400m	Fana st	230908	G-17	UM
Sølv	1,53,58	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Fana st	230910	G-17	UM
Gull	23,35	Vegard Høylo Trefall	2006	200m	Fana st	230930	MS	KM Hordaland

Arrangement

Friidrettsgruppa hadde 30 arrangement med totalt 1443 deltakarar. Ein er no omtrent tilbake på same deltakartal som før pandemien. På Osterøy Stadion er det arrangert sju ordinære stevne (HTB-karusell og HTB-kastkarusell) med totalt 204 resultat. Nokre av stevna har hatt svært lite deltaking. I tillegg har me

hatt to Osterøytrearen med 3000m og 1000m barneløp. Totalt var det 90 resultat på Osterøytrearen, litt meir enn 2022, men godt under deltakinga dei første åra.

Dei to banestevna i Haus har god deltaking i dei yngste klassane med totalt 263 resultat. Dei fleste som deltek har ikkje aktivt medlemskap i Osterøy IL. Der må vi vere obs på å prøve å få verve medlemmer til friidrettsgruppa ved seinare stevne.

Av arrangementa utanfor bane har Arkoconsult Valestrandsmarka rundt fått eit solid oppsving med større deltaking enn på mange år. Ein gjeng lokale entusiastar har tatt grep med servering av gratis lappar, meir synleggjering på sosiale media, aktiv rekruttering og pengepremiar til løyperekordar. Trygve Feidje Mjelde sette ein sterk løyperekord. Bergan Bygg Brakvatnet halvmaraton held dessverre fram nedgangen i deltakartal, sjølv om arrangementet er svært kjekt. Nytt av året var Osterøy på tvers, ein halvmaraton over fjella frå Bruvik til Mjøsvågen – i samarbeid med Mjøsdalen IL, Bruvik IL og Fotlandsvåg IL. Eit vellukka arrangement med 150 deltakarar. Denne gongen gjekk mykje av overskotet til den lokale innsamlinga til Barnekraftforeininga.

Statistikk eigne idrettsarrangement i 2023 Sum deltaking/resultat i parentes.

		2024 plan	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Terrengløp		0	0	0	0	0	0	1
Testløp		0	0	0	0	0	0	0
Brakvatnet barneløp	Brakvatnet	1	1 (6)	1 (17)	1 (10)	1 (20)	1 (17)	1 (12)
Brakvatnet Halvmaraton	Brakvatnet	1	1 (9)	1 (6)	1 (12)	1 (24)	1 (43)	1 (21)
Brakvatnet Halvmaraton stafett lag	Brakvatnet	1	1 (11/88)	1 (14/112)	1 (20/160)	1 (25/200)	1 (15/120)	1 (10/80)
Sumarkarusell frå 2020	Brakvatnet	0	0	0	4 (13)	4 (133)		
Vinterkarusell	Brakvatnet	0	1 (3)	4 (34)	5 (38)	5 (77)	4 (55)	4 (18)
Valestrandsmarka jul og nyttår	Furubakken	2	2 (76)	2 (25)	0	2 (25)	2 (55)	2 (54)
Valestrandsmarka karus.	Furubakken	9	9 (495)	9 (165)	9 (231)	9 (181)	9 (338)	11 (324)
Haustrimmen	Haus.	0	0	0	6 (34)	6 (33)	6 (59)	9 (64)
Seriestevne	Haus.	2	2 (263)	2 (136)	2 (162)	1 (64)	2 (50)	2 (83)
Hopp u.t.	Haus skule	1	1 (18)	1 (7)	1 (20)	0	1 (24)	1 (20)
Stemmeseggi Opp	Mjeldalen	0	0	0	0	0	1 (50)	1 (37)
Karusell kaststevne	Osterøy St.	2	2 (68)	3 (91)	3 (85)	1 (13)		1 (7)
Karusell vanleg også ekstra	Osterøy St.	3	5 (136)	5 (174)	5 (183)	1 (42)	4 (261)	4 (231)
Osterøytrear (3000m + barneløp 1000m)	Osterøy St.	2	2 (90)	2 (82)	2 (135)	1 (111)	2 (175)	0
Rekrutt	Osterøy St.	0	0					1 (18)
Spystevne	Osterøy St.	0	0					1 (8)
Lengdestevne	Osterøy St.	0	0	1 (6)				
Tinstafett lag	Osterøy St.	0	0			0	1 (41)	
Ungdomsleiker (2 dagar)	Osterøy St.	0	0					1 (708)
Hopp u.t.	Osterøyhall	2	2 (61)	2 (41)	1 (17)	1 (32)	2 (38)	2 (108)

Hopp u.t.	Valestrand sk	0	0	0	0	0	0	1 (31)
Bjarte Viks Eliteløp	Vik	0	0	0	0	0	1 (64)	1 (60)
Osterøy på tvers	Bruvik- Hosanger	1	1 (150)					
SUM	Alle	27	30(1463)	34(896)	41(1100)	34(955)	38(1390)	45(1884)

Stafettsesongen

Fristafetten: Kvinner junior nr. 1 Menn junior nr. 2 Menn senior nr. 4 (felles Mjøsdalen) Menn veteran 35+ nr. 3 Menn superveteran 45+ nr. 2	Askstafetten Kvinner senior nr. 4 Menn Junior nr. 1 Gutar 2 lag 13-14 år nr. 3 og 11 Menn superveteran 45+ nr. 1
--	---

Rekruttar

Etter haustferien 2023 starta friidrettsgruppa opp med eit lenge etterlengta treningstilbod i Osterøyhallen kvar måndag. Målgruppa er 2.-7. klasse. Treinarane Dagfinn Gjerstad og Amalie Hustrulid har gjort ein svært god jobb, og på det meste har det vore 20 på trening frå fleire bygder på Osterøy. Tradisjonen tru vart det halde to stevne i Haus med god deltaking av lokale born, så her er det eit potensiale for aktivitet. Det var meininga å ha friidrett-SFO ved Haus skule i vinter, men det vart usett og kjem vonaleg i gang våren 2024.

Gutar og jenter ungdomsskulealder

Denne aldersgruppa har hatt treningar måndagar og onsdagar på Hatland med Helga Reigstad og Mats-Eirik Elvik som trenarar. I vinterhalvåret har onsdagstreningane vore i Leikvanghallen. Ein gjeng med gutar i 2008 og 2009-årgangen har utgjort den faste stamma i treningsgruppa. Det var også fleire jenter som var med i starten av 2023, men me har ikkje klart å halda på dei.

1. mai stilte Osterøy to lag (4 etappar) på Ask-stafetten i klassen 13-14 år.

Dei som deltok var:

Lag 1 (nr. 11)

300m Nikodem Damian Jackowski

225m Even Mathisen

400m Jone B. Raknes

225m Tord K. Sangolt

Lag 2 (nr. 3)

300m Sander H. Solberg

225m Benjamin Blichfeldt

400m Sondre H. Trefall

225m Lukas H. Bønes

Utover sommaren var mange av gutane med på konkurransar på Osterøy, men også på nokre stevne utanfor Osterøy. Even Mathisen (kule, diskos, slegge og spyd) og Sander Hopsdal Solberg (60m, lengde og høgde) vart tatt ut og representerte Hordaland under Lerøy-leikane i Haugesund, og følgde opp med gode prestasjonar.

Under kretsmeisterskapet på Fana stadion deltok Sondre H. Trefall, Even Mathisen, Sander H. Solberg, Benjamin Blichfeldt og Tord K. Sangolt. Alle utøvarane tok medalje.

Gutar og jenter 16-19 år

Når det gjeld kretsserien stod gutelaget for ein sterk prestasjon med 1. plass med 38 637 poeng på 47 resultat og opprykk til elitedivisjon. Jentelaget vart nr. 4 i 2. divisjon med 14 278 poeng på 25 resultat. I seriane er berre dei som er medlem og som har betalt lisens som er med.

I vinterferien 2023 var dei fleste aktive til Albir i Spania på ein vellukka treningsleir. Andre kjekke turar var til Tyrvinglekene i Bærum, Norgeslekene på Jessheim og Junior-NM i Sandnes, der me hadde fire deltakarar. Årets UM var på Fana Stadion der Osterøy også hadde fire med.

Den eldste i denne aldersgruppa er Nora Bergan (f. 2004). Ho slo til med 17.05 på 5 km gateløp om våren, men fekk dessverre ein lårskaade som plaga ho store deler av sesongen. Ho vann likevel gull på 3000 meter i 18-19-årsklassen i UM. I NM terreng vart det ein 5. plass for junior, og Nora vart tatt ut til Nordisk meisterskap på Island, der låret hindra ein god prestasjon. Etter sesongen vart ho uttatt vidare på juniorlandslaget.

To av våre aller beste i denne aldersgruppa er begge fødd 4. oktober 2006: Vegard Høylo Trefall og Dagfinn Gjerstad. Begge debuterte med fine løp i Hovud-NM på Jessheim. Vegard, elev ved toppidrettslinja Tertnes vgs., nådde sesongmåla med sterke 49,39 på 400m og 1.53,58 på 800m. Han fekk med seg to sølv i UM og eitt bronse i junior-NM. Vegard fekk også sin debut i landslagsdrakt då Hordaland representerte Norge i ein europeisk ungdomskonkurransse i Roma. Dagfinn Gjerstad fekk kyssesjuka og miste treninga om vinteren. Han imponerte likevel med tre resultat over 1000 poeng og persar på 1500m 4.02,56 og ikkje minst 14.50,78 på 5000m i Hovud-NM. Dessverre gjekk mykje av haustsesongen vekk på grunn av sjukdom.

Den mest allsidige og konkurransevillige av alle i friidrettsgruppa er nok Eirik Reigstad (f. 2007). Han er vår største poengsankar i guteserien og sette totalt ni personlege rekordar gjennom sesongen, m.a. 1,77 i høgde, 6,20 i lengde og

14,78 på 100m hekk. Ein skade i foten rett før UM om hausten hindra nok endå fleire persar.

Noah Raknes (f. 2005) kom tilbake til sommaren etter eit år i USA. Han satsa mot Drammen halvmaraton og viste god framgang utpå hausten. Sjukdom hindra han i å stilla, og no har han tatt ein pause frå friidretten.

Det har elles vore nokre jenter på trening gjennom året, utan at dei stilte opp i veldig mange konkurransar.

Trenarar for denne aldersgruppa er Arne Reigstad, Bjarte Lohne og Bjarte Vik.

Junior U23 og senior

Herrelaget rykte opp til 1. divisjon etter sesongen 2022, og konkurrerte dermed mot dei beste i landet. Nivået vart for høgt og me må ned att etter ein 13. plass av 14 klubbar. Laget fekk 20 241 poeng på 25 resultat. Kvinnelege seniorar er ei mangelvare og i 3. divisjon klarte me berre å få 10 av 20 resultat.

For tredje år på rad vart Trygve Feidje Mjelde (f. 1994) årets utøvar. Han sette lagsrekordar på 1500m med 3.46,12 under NM på Jessheim og 3000m med 8.03,72 under Norgeslekene same stad. Trygve har no åtte individuelle lagsrekordar og er med på fire stafettrekordar! Spesielt gledeleg var dei gode løpa i NM på Jessheim der han vart nr. 8 på 1500m og 7 på 5000m. Dei sterke resultatata er ekstra imponerande med tanke på at Trygve fekk stressfraktur i hofta på vinteren, og trente svært mykje alternativt både då og gjennom heile året.

Magnus Reigstad (f. 2003) er ein av våre mest hardtsatsande utøvarar. Han og trenar Arne Reigstad har sidan hausten 2022 hatt eit treningssamarbeid med Frank Brissach i Trondheim. Litt hamstringstrøbbel og tekniske justeringar medverka til at han ikkje nådde 7-meteren i lengdegropa, men Magnus fekk m.a. med seg NM-sølv i U23-klassen med årsbeste 6,98. Under Hovud-NM på Jessheim vart han nr. 7.

Den treningsvillige fysioterapeut-studenten Jonas Lillejord (f. 1998) pynta også i år på lagsrekorden på maraton. Bestetida kom i Malaga på hausten med 2.31,12. På halve distansen oppnådde han 1.09,56 i Berlin. Av mannlege seniorløparar kan ein også nemna treningsvillige Daniel Hansen Bruvik (f. 1996) med fin framgang på lange løp og 2.38,45 på maraton som beste resultat. Torstein Leiren Mastervik (f. 2003) kom ikkje heilt opp på 2021-nivået sitt, men har neppe gjort sine siste sprell på friidrettsbana.

Sjukdomsplagar gjorde at sprintaren Joe Aphisit Tepnuan (f. 2000) ikkje fekk trent og konkurrert som han ville. Joe har god spenst, og 2,97 var lagets desidert beste lengdehopp utan tilløp. Kjetil Stokke (f. 1991) er framleis vår beste kastar på herresida. Besteresultatet 48,05 gav KM-gull i spyd.

Ved inngangen til 2024-sesongen har Osterøy IL fem utøvarar som pr. no er kvalifiserte til Hovud-NM. Dette er Trygve Feidje Mjelde, Magnus Reigstad, Nora Bergan, Dagfinn Gjerstad og Vegard Høylo Trefall. Det er god grunn til å håpa på at fleire kvalifiserer seg i løpet av året.

Veteranar

I veteranserien vart kvinnene nr. 9 og rykte ned frå 2. divisjon. Berre 4 gjeldande resultat og 1511 poeng! Her må veterandamene ta grep! Også mannfolka bør mobilisera og delta på fleire stevne og øvingar. Dei vart nr. 14 i 1. divisjon med 9655 poeng på 20 resultat. John Bernes og Mirjam Mjelde vart største poengscorarar i serien. Allsidige John er fødd i 1944 og kan sjå fram mot opprykk i 2024.

Under NM for veteranar i Modum deltok Arne Mjelde i klassen 80-84 år. I ein svært jamn og sterk klasse tok Arne sølv på 100m og 200m, før gull på 400m siste konkurransedag med tida 1.23,37. Det var over sekundet betre enn året før.

Det er spesielt lange løp som fengjer dei fleste veteranane våre. Team Batti har eit tilbod og miljø som mange trivst med, og det er relativt mange som legg ned mykje trening. Desse deltek hovudsakleg på gateløp og i mindre grad på bane.

Osterøy IL har tradisjonelt stilt sterke veteranlag i stafettar. I 2023 klarte ein ikkje heilt å mobilisera til stafettesesongen, sjølv om superveteranane vann Askstafetten. I Fristafetten vart veteranane nr. 3 og superveteranane nr. 2.

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa har dei siste åra vore ordna økonomi, å leggja til rette for aktivitet tilpassa den enkelte sine ambisjonar og aktivt bidra til folkehelse gjennom arrangement retta mot mosjonistar. Styret meiner ein på mange måtar har lukkast i å nå målsetjingane. Samstundes ligg det eit stort potensiale i å få til auka aktivitet på alle nivå og for alle alderstrinn.

Styret i Osterøy IL, friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle andre som har stilt opp for gruppa i 2023.

